



Ole Martin Bolset

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/7613 - 22/80219

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

20.10.2022

## **Uttale - Spørsmål angående omklassifisering av bru til kommunal bru/veg. Bruvoll Bustadområde**

Administrasjonen v/Samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning har diskutert saka og konklusjonen er at det ikkje er aktuelt for Alver kommune å overta den private vegen og brua over fv57 med tilkomst til Bruvoll.

På sikt ynskjer kommunen å skrive ned ein del vegar, bruer og kaiar til privat for å møte politikarane sitt krav til reduserte driftskostnader i Alver kommunen. Det er ikkje samsvar mellom reduksjon i driftskostnader og det å ta over ein eldre tilkomstveg til eit bruk, for så å måtte bruke bruke midlar til oppgradering for å gi moglegheit for realisering av ein privat reguleringsplan.

Brua går over fv57 som er ein overordna fylkesveg og all transport til industrien på Mongstad går under denne brua. Kommunen meiner at dette er ei bru fylkeskommunen bør ha eigaransvar, inspeksjonar og vedlikehald for. Det kjem i tillegg fram av gamle sakspapir at Statens vegvesen har bygga brua på starten av 70 talet då ny riksveg skulle byggast på denne strekninga. Det vil difor vere mest nærliggjande at fylkeskommunen tek over ansvaret for brua og konstruksjonen, ikkje Alver kommune.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

**Mottakarar:**

Ole Martin Bolset